

1 Innleiing

Bakgrunn

Dette er ei prosjektoppgåve knytt til stuidet Entreprenørskap i skule og lokalsamfunn, ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Oppgåveteksten «Entreprenørskap,- eit pedagogisk arbeid for Teina barnehage?» gjev forventning om at denne oppgåva er knytt til barnehage.

Prosjektgruppa inneheld 2 førskulelærer med arbeidsplass i Teina barnehage. Frå Rammeplan for barnehagar er vi kjende med at grunnleggande verdiar skal formidlast til barna for å sikre og skape ei god utvikling.(Rammeplanen 2006) Dette er, og har vore den grunnleggande tenkinga i barnehagen.

I 13 år har Teina gjennomført sitt eige form for utviklingsarbeid. Barna i barnehagen har hatt det daglege ansvaret for hønene i Teina hønseri. Det starta med 10 høner og er i dag blitt til eit lite hønseri med 50 høner. Linge og Wille si bok «Arbeid , leik og læring» har vore fundamentet for tankegangen og gjennomføringa av dette utviklingsarbeidet. Barna har hatt det totale ansvaret, eit arbeid som for dei har vore ein del av leiken i barnehagen. Plukke, vaske, pakke og selge egg har vore deira ansvar gjennom fleire år. Gjennom dette arbeidet har dei oppnådd ei fantastisk læring. (Linge og Wille 1980)

Ein av førskulelærarane i prosjektgruppa arbeidde nokre år i grunnskulen. Her vart ho kjend med omgrepet entreprenørskap. Det vart fort klart at Teina, utan sjølv å vite det, dreiv med entreprenørskap. Vel tilbake i Teina avgjorde personalet og foreldra at entreprenørskap var noko barnehagen ville satse på og lære meir om. Det vart viktig for Teina at ein gjennom sitt entreprenørskapsarbeid skulle få innarbeidd ei pedagogisk grunntenking, på same tid som ein skulle få systematisert sitt arbeid gjennom ei målviden satsing.

Vi har valt å kalle oppgåva vår:

« Entreprenørskap, - eit pedagogisk arbeid for Teina barnehage?»

Problemområde

Sjølv om Rammeplanen ikkje nemner ordet entreprenørskap ønskjer vi å rette fokus på denne pedagogiske arbeidsmåten. Er dette ei arbeidsform som kan nyttast i ein barnehage? Er det Teina jobbar med i samsvar med det som ligg i omgrepet entreprenørskap?

Utifrå dette har vi kome til følgjande hovudproblemstilling:

Entreprenørskap, -eit pedagogisk arbeid for Teina barnehage?

Underproblemstillingar:

- 1 Kva legg vi orda entreprenørskap og pedagogisk arbeid?
- 2 Kan entreprenørskap forsvarast utifrå Rammeplanen for barnehagar?
- 3 Kan det utarbeidast REAL-øvingar knytt til entreprenørskapsarbeidet i Teina?

2 Entreprenørskap, - eit pedagogisk arbeid i barnehagen.

2.1 Kva er entreprenørskap?

Å fange ordet entreprenørskap i eit ord er vanskeleg. I Norsk Gyldendal si ordbok står det: «Ordet kjem av det engelske ordet entrepreneurship, og tyder evne til å skape ny verksemd». (Gyldendal 2004:192) Forskarar frå ulike fagdisiplinar har studert omgrepet entreprenørskap utifrå ulik ståstad. Schumpeter definerte entreprenørskap inn i “noe som bryter med det rutinemessige” (Ødegård: 2002:15) men spør du folk felst vil dei gjerne svare at entreprenørskap handlar om nyskaping. Dr. DeLargy definerer entreprenørskap som “*Ein som ser muligheter og som gjer noko for å realisere dei til beste for seg sjølv, familien og lokalsamfunnet.*” (Ivar Offerdal: Forelesing) Strategiplanen «Se mulighetene og gjør noe med dem» sitererer EU-kommisjonen sitt syn på entreprenørskap. Den byggjer på DeLargy sin definisjon, men vel å spissformulere det meir enn DeLargy: “Entreprenørskap er en dynamisk og sosial prosess der individer, alene eller i samarbeid, identifiserer muligheter, og gjør noe med dem ved å omforme ideer til praktisk og målretta aktivitet, det vere seg sosial, kulturell eller økonomisk sammenheng,» («Se mulighetene og gjør noe med dem!» 2004:4)

Vårt eige fylke Sogn og Fjordane har entreprenørskap politisk forankra i Fylkesplanen. Her vert entreprenørskap tolka som ei form for livshaldning som gjev seg til kjenne på ulike område – i arbeid, på skulen og i fritida. Det er snakk om å utvikle ein entreprenørskapskultur med vekt på læring av personlege haldningar. (Fylkesplanen Sogn og Fjordane 2005-2008.) Planen konsentrerer seg mest om grunnskulen og vidaregåande opplæring som det sentrale satsingsområdet, men seier også: “... og vi bør starte alt i barnehagen med å utvikle det kreative mennesket.” (ibid:25) Dette har fylkeskommunen tatt på alvor og i 2007 fekk to barnehagar i Sogn og Fjordane midlar til å satse på entreprenørskapsarbeid. Teina barnehage er den eine av desse to, og føler seg godt igong med eit spennande arbeid.

2.2 Kva er pedagogisk arbeid?

Eit viktig kjenneteikn for pedagogisk arbeid er at det er målretta, planlagt og systematisk. Lillemyr og Søbstad seier at ein definisjon av pedagogikk kan vere: «En bevisst og planlagt virksomhet som voksne utøver overfor barn og ungdom for å sosialisere dem inn i det bestående samfunn.» (Lillemyr og Søbstad 1993:150) Likevel veit vi at i det pedagogiske arbeidet opplever vi, og gjev rom for, aktivitetar som ikkje er direkte planlagde. “..... idealet er en kombinasjon av klar struktur og grundig planlegging kombinert med frihet og fleksibilitet i praksis.” (ibid:160)

Rammeplanen peikar på at barnehagen skal vere og fungere som ei pedagogisk verksemd.

“Barnehagen har ei viktig rolle som oppvekst- og læringsarena. Å se omsorg, oppdragelse, lek, hverdagsaktiviteter og læring i sammenheng er et særtrekk ved norsk barnehagetradisjon.”

(Rammeplanen 2006:16) Planen er tydeleg på at barnehagen, som pedagogisk verksemd, skal vere ein læringsarena. Barnehagen skal bidra til at barna lærer, i staden for å seie at barna skal nå eksakte mål. Rammeplanen presiserer også at mål som retter seg mot barna si læring og oppleving skal vere formulert som prosessmål. Det er sjølvne læringsområdet og arbeidsmåtene barna skal bli kjende med. (Rammeplanen 2006:33) Dette ønskjer vi sjølv sagt skal vere gjeldande i Teina, men ønskjer ein å vere nyskapande finn vi det rettast å nytte ei pedagogisk form der barna sjølvne er aktørar og aktive i sin eigen læringsprosess.

Vi ønskjer å knyte omgrepet entreprenørskap opp mot det Rammeplanen omtaler som pedagogisk arbeid i barnehagen, og finn definisjonen til Ødegård på pedagogisk entreprenørskap som viktig:

“Handlingsorientert undervisning og opplæring i en sosial kontekst med individet selv som aktør for egen læring, og hvor personlige egenskaper, evner, kunnskap og ferdigheter danner grunnlaget og retning for opplæringen.” (Ødegård 2003:15)

2.3 Entreprenørskap knytt opp mot Barnehagelova og Rammeplanen.

Barnehagelova 2005 seier noko om barnehagen sitt mål og innhald. Lova peikar på at barnehagen skal gje barna eit godt grunnlag for læring og utvikling gjennom aktiv deltaking i samfunnet. Vidare seier ho at barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd, som skal formidle verdiar og kultur gjennom oppleving, glede og meistring i eit sosialt fellesskap. Til å utføre desse måla vert personalet ein viktig faktor. For vidare innhald i barnehagen viser Barnehagelova til Rammeplanen, ei plan som lova seier kan tilpassast lokale forhold. (Lov om barnehagar 2005)

I 2006 kom Rammeplanen i ny versjon . Planen presiserer at den skal tilpassast *“varierte driftsformer og lokale forhold og rammebetingelser”*. (Rammeplanen 2006:2) Ho strekar også under barnehagen sitt særpreg som pedagogisk verksemd, med vekt på eit heilskapleg læringsssyn, der omsorg, lek og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse, ilag med dei sju fagområda, viktige delar av barnehagen si pedagogisk verksemd.

Ordet entreprenørskap er ikkje nemnd i Rammeplanen. Likevel ser ein at den handlingskompetanse entreprenørskap fører med seg, i høg grad er å finne i planen: *«Barnehagens innhold skal være allsidig og variert, og utformes slik at hvert enkelt barn får opplevelser og erfaringer som støtte for*

sin utvikling av kunnskaper, ferdigheter og holdninger» (ibid:21) På same tid framhevar planen dei vaksne sine *“holdninger, kunnskaper og ferdigheter til å møte, forstå og oppdra barn til aktiv deltakelse i et demokratisk samfunn.”* (ibid :5) Både Barnehagelova og Rammeplanen, har forventningar knytt til vaksenrolla og korleis ho skal utførast. Forsking har vist at samspel mellom pedagog og barn er ein avgjerande faktor for fagleg og menneskeleg utvikling. Likeeins pedagogen si interesse og engasjement i arbeidet. (Bergem 2001)

Er det berre tilfeldig at ein barnehage startar med entreprenørskap, eller kan ein spørje om det er ein samanheng mellom arbeidsmåtane, det pedagogane gjer i praksis, og pedagogane sine grunnverdiar som ligg til grunn? Bergem er klar i sin konklusjon: *“Til syvende og sist er det pedagogane sitt pedagogiske skjønn og profesjonelle avveining som avgjer hva som blir gjennomført i praksis.”* (ibid:59)

Som pedagogar opplever vi barnehagen som starten i utdanningssystemet. Vi ynskjer difor å knyte vår pedagogiske verksemd inn mot hovudmålet i Strategiplanen: *“Utdanningssystemet skal bidra til verdiskaping og innovasjon ved å stimulera kunnskap og ferdigheter, arbeidsglede og meistring og fellesskap hjå elevar, studentar og lærarar på alle nivå, og utvikla ein kultur for entreprenørskap.”* (K,N&H,K&R dep.Strategiplanen 2006:19) Vi vel å tru at ordet holdningar er utegløymt i dette hovudmålet. Holdningar er trass alt “det eine beinet” i den personleg entreprenørskapskompetansen.

Vår utfordring vert å utvikle entreprenørskapskompetanse. Ein kompetanse som inneheld det Rammeplanen peikar på, av både personlege eigenskapar og holdningar, ferdigheter og kunnskap. På dette punktet opplever vi Rammeplanen i samsvar med Stortingsmelding nr. 30:

«Entreprenørskap innebærer utvikling av både personlige egenskaper, holdninger, formell kunnskap og ferdigheter.» (Stortingsmelding nr.30:113)

Ei anna utfordring vert å synleggjere og konkretisere sosiale og personlege kvalitetar som vi ynskjer barna skal utvikle, og finne arbeidsformer som kan stimulere til å utvikle slike kvalitetar.

I 2006 vart Teina barnehage den første registrerte entreprenørbarnehagen i Noreg.

Entreprenørskapsarbeidet skjer dagleg og haldnings-, kunnskaps- og ferdighetsmål danner grunnlag og retning for opplæringa. Desse vil bli å sjå på som erfaring over lang tid. Dette har Teina tatt hensyn til. Alle mål er henta frå Rammeplanen og knytt opp mot vårt entreprenørskapsarbeid i barnehagen.

Haldningsmål:

Bli kjend med og ta del i samfunnet gjennom opplevinger og erfaringer i nærmiljøet.
Skape rom for opplevelser, undring, ettertanke og gode samtaler.

Kunnskapsmål:

Gje erfaring og kunnskap om dyr og vekst og deira gjensidige avhengighet og betydning for matproduksjon.

Tilegne seg gode og anvendbare matematiske begrep.

Erfare ulike typer størrelser, former og mål, gjennom å sortere og sammenligne.

Ferdighetsmål:

Bli fortrolig med tall.

Tilegne seg samfunnet grunnleggende normer og verdier i kjøp og salssituasjon.

2.4 Teina barnehage og REAL.

REALhistorie og idègrunnlag.

REAL, "Rural entrepreneurship through action learning", er eit opplæringsprogram for entreprenørskap, utvikla i USA av Dr. Jonathan Sher og Dr. Paul DeLargy. Begge hadde ønskje om at deltakarane i opplæringsprogrammet skulle bli meir aktivisert i opplæringa og i lokalsamfunnet.

Deltakarane skulle lære meir om det å skape og utvikle arbeidsplassar, korleis sjå høva i eigne distrikt, og korleis byggje nye arbeidsplassar i distrikta. Grunnleggjarane prøvde å påverke skular og samfunn til å sjå høva for ungdomen, dette gjennom nøkkelbegrepa samarbeid og aktivitet.

REAL har ulike program som er tilpassa alder, nivå og behov frå grunnskule til høgskule/universitet og lokalsamfunn. REAL sitt viktigaste mål er hjelpe einskildindivid, skular, lokalsamfunn i USA til å vekse og utvikle seg gjennom praktisk tilrettelagt entreprenørskapsopplæring i skular og lokalsamfunn. Føremålet er å gjere ungdom og eldre istand til å sjølve vere aktive, sjølvforsynt og produktive innbyggjarar i eige lokalsamfunn.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har gjennom ein avtale med Georgia Real fått løyve til å omsetje og tilpasse opplegget til norske forhold og norsk skulekvardag. (REAL NORGE Pedagogisk materiale i entreprenørskap for småskulesteget i grunnskulen.)

Kvifor bruke REALøvingar i Teina barnehage?

Rammeplanen skisserer 7 fagområder som skal vere med på fremje barna si utvikling og læring.

Kvart område dekkjer eit vidt læringsfelt og fagområda vil sjeldan opptre isolert. Arbeider du med


eit temaoplegg i barnehagen vil fleire fagområder vere representert på same tid. Barna skal oppleve gjennom deltaking og aktivitet, og på denne måten tileigne seg ny kunnskap. Gjennom aktivitetar lærer barna å arbeide fleire ilag. Barna liker utfordringar og ansvar, og arbeidsmåtene er viktig prosesslæring. (Rammeplanen 2006)

Teina skal støtte barna si utvikling utfrå deira egne føresetnadar og gje kvart einskild barn utfordringar. På same tid skal Teina vere ein lærande organisasjon slik at den er klar til å møte nye krav og ufordringar. Kvalitetsutvikling i barnehagen skal også gjelde utvikling av personalet sin kompetanse. Teina hønseri gjev barn og personale mange høver til å både vere i endring og utvikling, og gjennom REAL-øvingar ønskjer vi å gje ny lærdom til både små og store.

REALøvingane gjev også gode høve for kommunikasjon og samhandling. Øvingane gjev positive opplevingar og erfaringar, på same tid som barna er aktive deltakarar. Sosial kompetanse står difor sterkt i alle øvingane, eit tema Rammeplanen trekk fram som viktig: *“Sosial kompetanse utvikles kontinuerlig gjennom handlinger og opplevelser.”* (Rammeplanen 2006:28)

REALmetodikken baserer seg på elevaktive læringsformer. Om ein ser på læringspyamiden og gjennomsnittleg læringseffekt på ulike typar undervisning, ser ein at den beste læringa har ein gjennom å gjere, gjennom å syne andre og gjennom refleksjon.

Læringspyramiden:




(Kjelde: Real Noreg, Kap.2.2.)

Dette fører oss til eit av dei sentrale omgrepa i REALmetodikken, “erfaringsbasert læring”. Ein startar gjerne med ei konkret erfaring, gjerne ei hending eller ei REALøving der barna er aktivt med. Deretter reflekterer deltakarane over erfaringa eller hendinga,- korleis gjekk det og kva

lærdom fekk ein/fekk ein ikkje. Refleksjon er med på å utvide erfaringane barna i utgangspunktet hadde, for deretter å nytte ny kunnskap og erfaring dei har fått.

Den erfaringsbaserte læringscyklusen:



(Kjelde: Real Noreg, kap. 2.1)

For å nå nokre av våre haldnings- kunnskap- og ferdighetsmål har vi valt å nytte to kjende REALøvingar “Dropstårnet” og “Å forske”. Desse øvingane er omarbeidd til å gjelde på barnehagenivå. Dei gjev gode høve for kommunikasjon, både mellom barna og med dei voksne. “Å forske”, gjev høve til undring og ettertanke. Øvingane “Stell av høner” og “Sal av egg” er utarbeidd i barnehagen for å synleggjere måloppnåing gjennom kvardagsaktivitetar og drift av eige hønseri. Realøvinga “Stell av høner”, gjev godt høve til sosial samhandling. Frå barna startar i Teina barnehage er dei med i hønseriet. Dei tre avdelingane har faste dagar dei har ansvar for stellet, og barna byter på å vere med. For svært mange barn er dette dagens høgdepunkt. Øvinga gjev barna erfaring og kunnskap om dyr og vekst, og gjensidig avhengighet og betydning for matproduksjonen. I Realøvinga “Sal av egg” tek barna del i samfunnet gjennom oppleving og erfaring i lokalmiljøet. Barna vert kjende med menneska i nærmiljøet og tileignar seg samfunnet sine grunnleggjande normer og verdiar i kjøp og salssituasjonen. Kommunikasjonen ber preg av medansvar og det å vere høfleg. Øvinga fører også til at barna vert fortrulege med tal og mengde. Dei tel egg, kartongar, pengar og tileignar seg dermed gode matematiske begrep.

Ved gjennomføring av begge øvingane har vi tatt hensyn til elevaktiv undervisning. I begge øvingane, som er henta frå kvardagssituasjonane i barnehagen, set vi saman gruppene med røynde og urøynde barn. Eit barn med erfaring lærer ofte opp nye barnehagebarn. REALmetodikken legg opp til elevaktive læringsformer, men legg på same tid sterk vekt på refleksjon. Her ligg mykje læring. Det er alltid spennande å vere med i refleksjonen til eit barn som nett har starta si karriere i hønsehuset, samanlikna med eit røynd barn sin refleksjon.

3 Entreprenørskap i Teina barnehage

3.1 Teina barnehage og lokalmiljøet.

Teina barnehage er heimeverande i Sogn og Fjordane si største jordbruksbygd, Breim. Ved å bruke Almås sin definisjon av “bygd” nyttar vi på same tid den institusjonelle tilnærminga til lokalsamfunnbegrepet: *“Ei bygd er eit spreiddt busett samfunn der det er stabile ordningar for samhandling og der folk opplever ei “vi-kjensle”. Bygda er meir enn ei grend, ein krins eller ein stad. Somme bygder kan vera mindre enn ein kommune, mens andre bygder i omfang fell omtrent saman med grensa for ein kommune.”* (Ødegård 2000:134)

Bøndene i jordbruksbygda Breim, har gjennom fleire år iverksett endringar og utbetringar i sine organisasjonar. Ein kan trygt seie at bøndene er bærarar av innovasjon. Nokre av dei har skapt ny produksjon gjennom omlegging av ordinær jordbruksdrift. Mange små kraftverk er bygde opp, og fleire er på veg. Andre igjen har akseptert det nye av endringar innan kvalitet og produksjonsmetodar i drifta og lagt om til samdrift.

På same tid som bøndene tenkjer nyskaping opplever bygda satsing innan digital teknologi. Reed foto og Eurofoto er to bedrifter som er i stadig ekspansjon, til glød for bygdefolket og vidare entreprenøriell danning.

Teina barnehage har også erfaring med nyskaping og nytenking. I 1993 var Sogn og Fjordane eit av tre fylker i landet som vart plukka ut til å satse på lokalt utviklingsarbeid i barnehagane. Teina barnehage har i perioden 1993-2005 vore ein av dei mest aktive barnehagane, og hatt fire spennande utviklingsarbeid. Alle arbeida er gjennomført i ein tidsavgrensa periode og har skapt entusiasme og læring hjå barna, personalet og foreldra. Det å delta målretta, tore å søkje ny kunnskap og lære av egne erfaringar, gjer at deltakarane får eit eigarforhold til sin organisasjon. (Jacobsen/Thorsvik 1997) På sett og vis kan ein sei at gjennomføringa av desse utviklingsarbeida har ført til at barnehagen viser at den torer å vere i endring. Å rette Teina inn mot entreprenørskapsarbeid har også vore ein del av eit målretta arbeid, der motivasjon for ny kompetanse og erfaring har stått sentralt.

Sentralt i lokalmiljøet ligg Teina barnehage, med Eurofoto og ein stor bondegard som næraste naboar. Dei fleste barna i barnehagen har lite kjennskap til jordbruk, og berre eit fåtal av dei kjem frå gård. Miljøet rundt barnehagen vert unekteleg prega av bondegården sitt “årshjul”. Eit ønske om at barnehagen, som pedagogiske verksemd skulle byggje på nærmiljøet sin historiske og lokale tradisjon, vart grunnlaget for realisering av eige hønseri.

3.2 Teina hønseri og den daglege drifta.

Teina barnehage har dei 12 siste åra hatt stell av høner som en del av sitt pedagogiske arbeid. Etter å ha leigd naboen sitt hønsehus i 10 år, fekk barnehagen i 2005 eige hønsehus. Prosjektet vart finansiert gjennom gåver frå ulike organisasjonar og næringslivet i bygda. Det var ikkje berre pengegåver som kom inn, ein organisasjon tilbød dugnadstimar som støtte. Foreldra var sterkt motiverte og la ned ein fantastisk eigeninnsats i byggeprosessen, heile 160 dugnadstimar.

Barna har hatt det daglege stellet av 30 høner. Dei forar og gjev vatn, plukkar, vaskar og pakkar egga i kartongar. Teina har eigne eggkartongar med eigen logo. Vår nabo, Eurofoto, har designa og trykkjer logoen til barnehagen. Ein fast dag i veka kjem bygdefolket og kjøper egg. Ein kartong med 10 egg kostar kr. 20. Egga er svært populære og barn opplever at dei høfleg må avvise interesserte kundar.

Pengane som kjem inn vert nytta til mjøl, noko barna sjølve ringer for å bestille. Når helga kjem, er det framleis barna som har ansvar for drifta. Ilag med foreldra har dei ansvaret for kvar sine helgedagar. Denne hønesturnusen er populær i alle heimar. Både besteforeldre og andre slektningar er ofte med på desse “vaktene”. Som løn får barna egga med heim.

3.3 Ytre påverknad fører til endring i hønseriet.

Gjennom det daglege hønsestellet opplever barna dyreverda på nært hald. Deira omsorg og uro kom sterkt tilsyne ettersom det globale fugleviruset nærma seg landet. Det vart mange spørsmål og både barna, personalet og foreldra tok bekymringa på alvor.

Mattilsynet vart kontakta og førehandsreglar måtte takast. I samråd med alle partar vart det sett igong ein storstila dugnad. Hønene, som nesten var 2 år gamle, vart sendt til slakteriet. Dette er livets harde røyndom og noko barna frå tidlegare av, er vel kjende med. Dette fekk ein far oppleve då han skånsomt ville fortelle guten sin på 3 år at “no var hønene sovna.” Guten rista på hovudet og sa: “Pappa då, dei søv ikkje, dei er slakta, og snart får vi nye.”

Barna og personalet i Teina spadde ut all sagflis og hønsemøkk og skurte veggjar og verpekasser før heile hønsehuset vart infisert. Foreldra jobba i utgården, der dei støypte plate, bygde tak og la torv. Veggane vart kledd med tettmaska netting, og etter 60 dugnadstimer var dei ferdige. Tiltaket vart gjort etter samråd med Mattilsynet, som presiserte at fugleviruset kun smittar gjennom sjuk fugl si avføring. Gjennom tiltaket som vart gjort, stengjer ein villfuglar ute, og hønene vil kunne opphalde seg ute i hønsegården om fugleviruset skulle kome til landet.

3.4 Barn si filosofering fører til vidareutvikling av hønseriet.

Filosofi kan forklarast som *“vitskap som vil finne samanhengen og grunnprinsippa i tilværet”*

(Gyldendal. 2004:229) Per Jespersen definerer det slik: *“Filosofi med barn er en måte å undres på og som har til hensikt å gi så mange barn som mulig anledning til å uttrykke sin egen tenking”*

(Forelesing ved Sissel Brunsvik) Han hevdar også at filosofi med barn er det einaste faget som kan røre ved alle barn uansett evne. Grunnen til det er at filosofi handlar om *“generelle livsbegrep som angår alle”*(ibid: Sissel Brunsvik)

Prøver ein å finne ein enkel definisjon kan vi referere til nabobesta til barnehagen. Ho seier så vakkert: *“Filosofi, det handlar om kjærleik til visdom”*

Rammeplanen tek i revurdert utgåve opp ordet filosofi for fyrste gong: *“Barns undring må møtes på en utfordrende måte slik at dette danner grunlaget for et aktivt og utviklende læringsmiljø i barnehagen. Barns egne interesser og spørsmål må danne grunlaget for læringsprosesser og temaer i barnehagen”* (Rammeplanen 2006:27) Planen pålegg dessutan personalet å støtte og utfordre barna gjennom varierte opplevingar og kunnskap som kan føre til læring.

Det å drifte eit hønseri fører til mang ei undring. Livet i hønseriet er både spennande og engasjerande. Barna observerer, lurar, stiller spørsmål og prøver å finne svar. På veg til hønseriet står hønene i utegården og klukkar sårt. Når barna kjem inn i hønsehuset er hønene stille. Går barna ut og hønene vert åleine att, vert det eit skrekkeleg spetakkel. Opnar dei døra for å sjå kva som står på, ja då vert det stille. Ei av hønene held likevel fram, ho er også stygg med dei andre hønene. Kvifor oppfører hønene seg så rart? spør barna. Er der ei sjefshøne? Er ho stygg med dei andre? Det var Emil på 4 år kom fram til at: *“Kan`kje vi få video på veggen, slik at vi kan sjå ka dei gjer?”* Dette spørsmålet førde til ein spennande diskusjon mellom barna. *“Er det mulig?”* *“Når dei har kamera på Domus kan vel vi og ha?”* *“Jobben til pappaen min kan kanskje fikse det!”* *“Må vi grave ned ein kabel eller..?”* *“Kostar det mykje pengar?”*

“Det er ikke slik at “Snipp og Snapp” skal erstattes med “web og wap”, men hva barnehagen vektlegger er ikke “hipp som happ””. Barnehager som evner til å ta tak i, kombinere og utvikle elementer som fører til muligheter til å løse barnehagen inn i en ny tid, kan vere en barnehage som er med å forandre verden for de små” (Aandra og Halvorsen 2001:170)

Det er fantastisk å oppleve barna si undring gå over til kreative løysingar. Den kreativen prosessen

skjer raskt og ukomplisert i eit barnesinn. Her er det ingenting som er vanskeleg eller få løysingar som ikkje let seg gjennomføre. Personalet ønskjer barna sine løysingar ekstra velkomne. Kanskje ville web-kamera gje svar på ein del spørsmål og føre til ny filosofering? Rammeplanen støtter personalet: *“Barna bør få oppleve at digitalt verkøy kan være en kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap. Barnehagens arbeidsmåter må sees i sammenheng. Arbeidsformene må støtte barns nysjerrighet, kreativitet og vitebegjær. Personalet må vere lydhøre for barns undring og kunnskapssøking.”* (ibid:21) Og kva med Barnehagelova sin § 3 som klart seier at barna skal ha rett til medverknad og høve til aktiv deltaking i planlegging av barnehagen som verksemd? (Lov om barnehagar 2005)

Foreldra vart imponerte over barna og oppmuntra personalet til å jobbe vidare med denne spennande idèen. Personalet viser også til Rammeplanen som oppfordrar barnehagane til å la barna få sterkare medråderett. Ho seier at barna i barnehagen skal *“erfare hvordan teknikk kan brukes i leken og hverdagslivet.”* (Rammeplanen 2006:39) Når både Barnehagelova og Rammeplanen så klart oppmuntrar til vidareutvikling, kjenner Teina seg lite tung å be. I desse dagar er det ute søknad om støtte til installering av web-kamera.

4 Utarbeiding av REALøvingar.

Gjennom vårt daglege arbeid i hønseriet har vi valgt å systematisere arbeidet etter same lest som REALøvingane. REALøvingane er bygd opp på ein konkret måte der ein oppnår ny kunnskap og erfaring.

4.1 STELL AV HØNER I TEINA HØNSERI

MÅL:

- Gjennomføre eit hønsestell
- Bli fortruleg med tal, former og mengder

MATERIALE:

Utstyr som vi nyttar i Teina hønseri:

- Foringsboks med merke for rett mål av mjøl
- Mugge til å fylle vatn
- Korg til å plukke egga i
- Klut og kost til vasking av egga
- Kartongar til å putte egga i

TID

30 min.

GJENNOMFØRING

- 1 To barn og ein vaksen gjer avtale om dagens stell av hønene
- 2 Tek med nøkkel, går i hønseriet og låser opp døra
- 3 Ta på skoovertrekk før ein går inn
- 4 Gje rett mengde mjøl og vatn til hønene. 4 boksar mjøl og 6 muggar vatn
- 5 Sanke egg i korga
- 6 Vaske og tørke egga
- 7 Putte egga i 10-arkartongar med spissen på egget ned
- 8 Soretere egga etter storleik
- 9 Telje kor mange egg vi fekk. Telje kor mange kartongar det vart
- 10 Lukke att kartongane og setje dei i kjøleskåpet
- 11 Ta av skoovertrekka, vaske hendene og låse att døra

REFLEKSJON

I refleksjonen hentar vi fram måla for øvinga. Desse vert relaterte til aktiviteten og ein ser kva erfaringar barna har gjort.

- Korleis gjekk stellet av hønene?
- Kvifor skal spissen på egga stå ned?
- Kor mange egg fekk vi, kor mange kartongar vart det?
- Var alle egga like store?
- Vart nokre egg knust? Kor mange?
- Kva form har egga?
- Kva form har kartongane?





MÅL

- Førebu eit sal
- Lære seg gode verdiar og normer som medansvar og høflegheit i ein salsituasjon
- Å bli kjende med lokale kjøparar
- Kjenne att pengeverdiar

MATERIALE

- Plakat om sal av egg
- 10-arkartongar med egg
- Logo til eggkartongane
- Skål med veklepengar

TID

Kvar onsdag er fast salsdag i Teina.

GJENNOMFØRING

- 1 Kvar tysdag hentar to barn og ein vaksen egga i hønseriet og set dei i kjøleskåpet i barnehagen
- 2 Ei gruppe barn og ein vaksen hentar logo på Eurofoto
- 3 Førebu salet tidleg på onsdag:
 - Kvalitets sikre egga – sjekka at dei er reine, heile, har spissen ned og har lik størrelse
 - Klistre logo på alle kartongar
 - Henge ut plakaten på porten
- 4 Lage til salsbordet:
 - Setje fram eggkartongane og ei skål med veklepengar
- 5 Barna står for salet når kundane kjem
 - Helse kunden velkomen. Gje egg og ta imot pengar. Personalet hjelper til dersom kunden skal ha veklepengar
 - Takke for pengane og handelen. Gjerne prate med kundane

REFLEKSJON

I refleksjonen hentar ein fram måla for øvinga. Desse vert relaterte til aktiviteten og ein ser kva erfaringar barna har gjort.

- Korleis gjekk førebuing?
- Korleis gjekk salet i dag?
- Korleis tok vi imot kundane?
- Noko vi burde ha gjort på ein annan måte?



4.3

KLOSSETÅRN

MÅL

- Gjennomføre ei konkret oppgåve
- Samarbeide fleire ilag
- Sjå korleis konkurranse kan påvirke ein prestasjon

BAKGRUNNSINFORMASJON

Denne øvinga byggjer på REALøvinga “Dropstårnet”. Vi har omarbeidd den til å gjelde vår barnehage.

MATERIALE

- Klossar
- Klokke til tidtaking
- God plass på bordet og på golvet

TID

20-30 minutt

GJENNOMFØRING RUNDE 1

- 1 Barna fordeler seg ved borda eller på golvet. Kvar deltakar får utdelt 20 klossar. Med desse skal barna byggje kvar sitt tårn. Tårna skal byggjast innan 3 minutt. Barna kan nytte begge hendene
- 2 Barna byggjer tårnet så høgt dei greier, men tårnet må stå når tida er ute
- 3 Forklar reglane:
 - Du kan berre stable ein og ein kloss i gongen
 - Tårnet må stå til vi har fått talt klossane
 - Den som har høgast tårn har vunne.
 - Du har ikkje lov til å snakke med kvarandre under aktiviteten

GJENNOMFØRING RUNDE 2

- 1 To og to barn går ilag om å bygge eit tårn. Dei same reglane gjeld i runde 2.

GJENNOMFØRING RUNDE 3

1 Fire barn barn går ilag om å bygge eit tårn. Dei same reglane gjeld også i runde 3

Ein vaksen passar på at deltakarane følgjer reglane, passar tida og gjev signal når ein skal starte og stoppe. Barna tel klossane og ser kven som har vunne.

REFLEKSJON

Summer opp aktiviteten med følgjande spørsmål:

- Korleis gjekk gjennomføringa?
- Kva runde var best og kvifor?
- Korleis greidde de å “snakke” ilag utan å bruke stemma?
- Har de lært noko av denne oppgåva?





4.4 Å FORSKE

MÅL

- Bruke alle fem sansane når ein forskar
- Få faktakunnskap om egg
- Bli medviten gjennom eigen observasjon
- Lære å bruke verkty når ein forskar
- Skilje mellom kva som er fakta og kva som er eiga mening

BAKGRUNNSINFORMASJON

Ein forskar gjer oppdagingar i høve omgjevnadane sine og blir nyfrikne. Barn ønskjer å lære og er glade i å utforske og finne ut korleis alt heng saman. Når ein forskar tek ein bruk dei fleste sansane sine for å observere. Det er gjennom å kombinere synet, høyrsla, lukte-og smaksansen og det å føle med handa (den taktile sansen) ein kan gjere ein rett eller utfyllande observasjon.

Denne øvinga byggjer på REALøvinga “Å forske”. Vi har omarbeidd den til å gjelde vår barnehage, og nyttar egg istaden for fox. Øvinga vert gjennomført med eit barn om gongen.

MATERIALE

- Eit egg til kvart barn
- Skålvekt
- Ei lupe
- Skål til å ha egget i

- Eit registreringskjema for den vaksne

TID

20 minutt

GJENNOMFØRING

- 1 Start med å fortelje kva vi ønskjer å finne ut med denne øvinga,- måla
Samtal om begrepa i målformuleringa. Døme: Kva tyder å forske? Kva er eit verkty?
- 2 Snakke om kva sansar ein brukar når ein observerar
- 3 Forklar korleis ein nyttar verkty
- 4 Del ut eit egg
- 5 Ein vaksen fyller ut registreringskjema

REGISTRERINGSSKJEMA TIL Å FORSKE

Namn: _____

1 Barna får utdelt eit egg.

2 Korleis kjennast egget i handa? _____

3 Bruk høyrlesansen din og fortel kva du høyrer når du bankar/skrapar forsiktig på egget.

4 Bruk synssansen din og fortel korleis egget ser ut. _____

5 Bruk av verkty i obeservasjonen

- Bruk ei skålvekt og veg to egg. Sjå kva for eit egg som er tyngst _____

- Bruk ei lupe for å observer overflata på egget. Kva ser du? _____

6 Kva kan vi bruke egg til? _____

7 Hald egget over skåla. Greier du å knuse egget ved å knipe det hardt i handa di? _____

8 Knus egget på kanten av skåla. Kva ser du? _____

9 Bruk luktesansen din og fortel kva egget luktar _____

10 Ta på egget. Korleis kjennast det? _____

11 Smak på egget. Korleis smakar

det _____

OPPSUMMERING OG REFLEKSJON

- Kva likte du med denne oppgåva, kva likte du ikkje?

- Kva fann du ut om egget?
- Kvifor trur du vi brukte vekt og lupe?



5 Refleksjon over gjennomført arbeid.

5.1 Teina hønseri og lokalmiljøet.

Stolt, er eit ord som går igjen når lokalmiljøet, foreldra, barna og personalet høyrer ordet Teina hønseri. Dette er eit hønseri alle har ein bit av, og ei kjensle for. Det fekk vi erfare då 7. klasse ved Reed skule vart utstyrt med eingangskamera frå Eurofoto, og ein oppgåvetekst som lydde slik: “Bygda mi.” Samtlige av elevane hadde bilde av eit spesielt hus; Teina hønseri !

Både foreldre og personalet i barnehagen ser verdien av den læring barna har fått gjennom hønsestellet. Fleire foreldre trekk fram gleda over det felles løftet som er gjort av foreldregruppa. Dei føler dei er ein del av Teina hønseri. Hønseturnusen er det viktigaste arket som kjem frå barnehagen. Det er alltid stas å fore hønene, enten det er julaftan, 17. mai eller ein annan helgedag. Fleire foreldre trekk fram den meistring og interesse barna syner ved tallbegrep, mengder og pengeverdi. Andre trekk fram erfaringa barna får med dyr og gleda over å ha fått tatt del i entreprenørskapsarbeidet. Gjennom dette arbeidet har også foreldra fått ufarleggjort og erfart betydninga i ordet entreprenørskapsarbeid.

Foreldregruppa ved barnehagen har laga DVD frå Nrk sine innslag om Teina hønseri i Norge Rundt, Dagsrevyen og Norge i dag. DVD`en er solgt til foreldre og interesserte i lokalmiljøet. Inntektene er gitt til personalet, med ønske om “en god helaften”.

Når vi i samtale med barna ber dei trekke fram gode opplevingar frå hønseriet, så er egga det

viktigaste. Det å plukke, vaske, tørke, pakke og selge egg er det kjekkaste. I samtalaner kjem det ofte fram at det er så fint at hønene vert så glade når dei kjem for å fore. Ved spørsmål om barna veit kvifor spissen på egget skal vende ned, svarer alle 5-åringane i barnehagen rett. Det er fordi egget på denne måten får lengre holdbarheit.

Interessa hønseriet har skapt i lokalmiljøet er stor. Dei fleste har eit barn eller barnebarn som har gått/går i barnehagen, og dermed fått oppleve gleden og ansvaret barna viser for hønene. Egga er ei populær salsvare og folk i lokalmiljøet er gode kundar. Salet skjer inne i barnehagen. Dette er bevisst, for vi opplever stadig at det er mange i nærmiljøet som ikkje har vore innom ein barnehage før. Dei som har tid får servert ein kopp kaffi av barna og fleire gongar har vi opplevd at folk vert verande og tek del i samlingsstund eller anna aktivitet. Vi føler aktiviteten frå hønseriet er med på å “selge” barnehagen på ein positiv måte.

Fleire i lokalmiljøet har fått eit forhold til Teina barnehage, og personalet opplever stor entusiasme frå bygdafolket. Det at så mange har fått eit eigarforhold til barnehagen og hønseriet gjer at “vi-kjensla”, som Ødegård meiner kjenneteiknar eit lokalmiljø/bygd, kjennast sterk. Personalet opplever i fritida mange spørsmål, skryt og gode kommentarar frå bygdafolket. Gjennom samtaler viser det seg at søndagsturane ofte vert lagt til Teina hønseri. “Det er no så kjekt å slå av ein prat med dei” seier ei dame på 82 år.

5.2 Barn si filosofering fører til vidareutvikling av hønseriet.

Eit av holdningsmåla i prosjektoppgåva vår var å skape rom for opplevingar, undring, ettertanke og gode samtaler. “Har høna hard mage sidan ho kan legge harde egg?” “Brune folk får brune unga, defor får brune høner brune egg, sant? Undringa er stor og spørsmåla er mange. *“Barn må støttes til å undre seg og stille spørsmål. De må oppmuntres aktivt til å gi uttrykk for sine tanker og meninger, og møte anerkjennelse for sine uttrykk”*. (Rammeplanen 2006:13) Av og til kan filosoferande utspel frå vaksne føre til lettare frustrasjon hjå barna. Som den gongen Dag Skram spør ei jente på 5 år: “Kva var det som kom først, egget eller høna?” Jenta ser på Dag og sukker: “Høna vel, ho kom no med lastebil!”

Det at barna undrar seg på kva som skjer i hønseverda opplever både personalet og foreldra som spennande. Det er mange spørsmål vi som personale ikkje kan gje svar på. Er det difor vi opplever det så fasinerande når barn stiller oss filosofiske spørsmål? Kompetansen om dyreverda viser seg, også for personalet, å vere for lav til å tilføre barna ny kunnskap. Ønsket om å forstå og lære meir vert sidestilt og vi opplever å vere på same nivå som barna. Kjærleik til visdom, kan det seiast

betre?

For personalet i barnehagen vert det viktig å ta barna sine innspel på alvor. Rammeplanen poengterer sterkt at barnehagen må ta utgangspunkt i barna sin måtar å uttrykkje seg på. *“Barns rett til ytringsfrihet skal ivaretas, og deres medvirkning må integreres i arbeidet. Å ta barns medvirkning på alvor forutsetter god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldrene.”* (ibid:14) I den nye Rammeplanen er barn og deira medråderett trekt fram som ein viktig del av barnehagekvardagen.

Det vert viktigare for personalet å lytte, folisofere ilag med barna, og ikkje minst ta på alvor det som kjem fram. Dette var opptakta til ønsket å om å realisere web-kamera i hønseriet. Vi kunne ha gjort det lett ved “å føyse” ønsket under teppet, med at “Nei det går ikkje.” Det kunne ha blitt stoppa av vår mangel på kunnskap, det kunne ha vore vanskeleg å gjennomføre på grunn av økonomiske årsaker. Når vi no tenkjer web-kamera i hønseriet, er “hansken likevel tatt opp”. Den teknologiske kunnskapen innrømmer vi er dårleg, men vi kan lære. Økonomien tillet ikkje ei slik satsing, men vi søkjer om midlar!

5.3 REALøvingane.

Gjennom vårt arbeid med utarbeiding av REALøvingane har vi satt opp mål med vårt arbeid knytt til Teina hønseri. På denne måten vert det konkrete og pedagogiske arbeidet synleggjort reint fagleg, både overfor foreldre, eigar og andre interesserte. Øvingane gjev også kunnskap om korleis personalet arbeider og deira ønskje om utvikling for eigen barnehage. Dokumentasjon om arbeidet kan også vere ei hjelp til å synleggjere korleis refleksjon av eige arbeide er ein arena for læring. *“Barns læring og personalets arbeid må gjøres synlig som grunnlag for refleksjon over barnehagens verdigrunnlag og oppgåver og barnehagen som arena for lek, læring og utvikling.”* (Rammeplanen 2006:49)

Det er tydelig å sjå at barn likar å få utfordringar og tek ansvar. Dette ser vi spesielt i øvingane “Stell av høner” og “Sal av egg”. To gutar som tek del i gjennomføringa “Stell av høner” har ein god dilaog om arbeidsfordeling. Tommy: “Du Kurt, eg kan ta meg av vatnet og så gjev du mjøl.” Då dei skulle reingjere egga seier Kurt: “Eg kan vaske først og så tørkar du, og etterpå kan vi byte.” Dette er gode døme på samhandling og kommunikasjon. Barn tenkjer konkret og kanskje er det lettare å innordne seg arbeidsoppåvene når dei er så klare?

Barn i førskulealderen er kreative og dette kom også fram i øvinga. Tommy held to nyvaska egg i hendene. Han gjev dei til Kurt: “Høyr, her skal du få eit rim. Det som er det første, er det største.” Det vart også samtale om form og storleik. “Egga er runde og spisse.” “Dette egget var stort.” Ved pakking av egga seier Kurt: “Denne kartongern er firkanta.” Tommy proteseterer: “Neiii, den er rektangelforma.”

Etter at alle egga er vaska, tørka og pakka i kartongar, med spissen ned, begynner gutane å telje. Det er 50 egg + 2 knuste. Resultatet vart fem fulle kartongar og gutane er godt nøgde. Her ser vi tydeleg at gutane har fått erfaring med kunnskapsmåla: Tileigne seg gode matematiske begrep, og erfare ulike storleikar, former og mål gjennom å sortere og samanlikne. Dette syner vel at egg er eit godt arbeidsmateriale for læring av matematiske begrep?

Under førebuing av “Sal av egg” vart logo satt på kartongane og kvalitetssikra av Ida: “Vi må sjekke at egga er fine og ikkje så veldig knuste.” June hugsar godt korleis ein skal ta imot kundane: “Når vi har fått pengane må vi seie takk, og når vi gjev folk egg må seie versågod”. Gjennom sal av egg oppnår vi ferdighetsmålet om at barna skal tilegne seg samfunnet sine grunnleggende normer og verdier i kjøp og salssituasjon.

Ei jente på 4 år lurar på kvifor vi skal selge egga våre? Ida på 6 forklarar: “Det er fordi vi må ha pengar til mjøl, det.” Undring og ettertanke kan, som i dette tilfellet, føre til læring frå eldre barn. Dei er ofte gode føredøme, rettleiarar og omsorgspersonar.

REALøvingane “Klossetårn” og “Å forske” finn ein i REALpermen for småskulesteget. Begge øvingane er omarbeidd til å kunne gjelde i barnehagen. Barn nyttar kroppspråket både i leik og kommunikasjon. Dette fekk vi erfare i øvinga “Klossetårn.” Ved gjennomføring av runde 3 stoppa eine gruppa å byggje før tida var ute. Ved spørsmål om korleis dei greidde å stoppe utan å snakke saman, svarte Ida: “Eg berre såg dei inn i augene og gjorde sånn.” Her viser ho med augene at dei går fram og tilbake. Det som undra oss var kvifor barna ikkje nytta teikn. Ei av jentene i gruppa er høyrsllehemma og teiknspråk er daglegdags kommunikasjon. Dette svaret kom kjapt. “Teikn er no snakking!”.

Øvinga “Å forske” er ei fin øving til å undring og ettertanke. “Eg trur egga er runde fordi dei skal ut av magen til høna og den er og rund.” sa Edin på 6 år. June lurte på kvifor egga er brune i hønseriet og kvite i butikken? Mathilde meinte at hønene kunne bli over hundre år for dei vart så skalla når dei vart gamle. Det er viktig at personalet undrar seg ilag med barna. Vi treng ikkje alltid ha eit svar.

Desverre nytta vi under denne øvinga ei lupe som var gamal. Det vart vanskeleg å sjå klart gjennom

lupa. Ei ny er alt kjøpt.

Barn lærer gjennom konkrete opplevingar og erfaringar. Dette er igjen med på å danne grunnlaget for refleksjon. *“Barn lærer gjennom alt de opplever og erfarer på alle områder. Barns undring må møtes på en utfordrende og utforskende måte slik at dette danner grunnlaget for et aktivt og utviklende læringsmiljø i barnehagen”* (ibid:27) Refleksjon over gjennomført arbeid er noko personalet i Teina kan bli flinkare til å setje av tid til. Refleksjon ilag med barna er ein god metode til også å utvikle eigen kompetanse. Gjennom REALøvingane opplever vi også at det spennande arbeidet vårt vert sett i eit bedre og målbart system. Dette gleder vi oss til å utvikle endå meir.

6 Evaluering.

Å velge Teina hønseri som entreprenørskapoppgåve var for oss eit naturleg val. Begge var med på oppstarten av hønseriet og motivasjonen for vidare arbeid er stort.

Vi kom raskt i gong med oppgåva. Tiltaksplan med klar arbeidsfordeling, tidsfristar og møtefrekvens vart satt opp. At Rammeplanen ikkje nemner ordet entreprenørskap vart ei utfordring. Det vart viktig for oss å vise at entreprenørskapsarbeidet i Teina er eit pedagogisk arbeid med klare og faglege mål henta frå Rammeplanen. Vi la ned mykje arbeid i å konkretisere og gjere problemstillingane vurderbare. Dette hjalp oss også å halde fokus i oppgåva.

I periodar har arbeidsmengda vore stor. Det som har vore det fine, er at vi heile tida er “oppe i arbeidet” Entreprenørstanken gjennomsyrrer vårt pedagogiske arbeid, noko som har gjort det lettare for oss “å halde tråden.” At vi har vore strukturerte har heller ikkje vore noko hinder for oss. Likeså erfaringar frå tidlegare studier.

Godkjende puff frå rettleiar har gjeve motivasjon i arbeidet. Behovet for rettleiing har ikkje vore stort. Dette kan sjølvstakt vere både “godt og gale”. Vi har rettleia og justert kvarandre. For oss var dette naturleg, i og med at vi begge kjenner oss trygge på kvarandre både i arbeid og i gjensidig

retteiingsfunksjon.

7 Avslutning.

I vårt arbeid har vi prøvd å setje fokus på entreprenørskap i eigen barnehage. Vi opplever denne arbeidsmetoden som ein prosess til å sjå høva, og omforme ideane til praktisk og målretta aktivitet.

Ei spennande og stor utfordring har vore å knyte barnehagen sitt lovverk opp mot entreprenørskap. Lov om barnehagar fastset barnehagen som ei pedagogisk verksemd og Rammeplan for barnehagar legg vekt på heilskapleg læring, gjerne tilpassa lokale forhold. Sjølv om lovverket ikkje nemner ordet entreprenørskap, peikar Rammeplanen på at barnehagen sitt innhald skal gje opplevingar og erfaringar som støtte for kunnskap, ferdigheit og haldning. Den erfaringskompetansen som vert erverva samsvarer med Stortingsmelding nr. 30: “Entreprenørskap innebærer utvikling av både personlige egenskaper, holdninger, formell kunnskap og ferdigheter.” (Stortingsmelding nr. 30:113)

Gjennom utarbeiding og utprøving av REALøvingar føler vi at vi tydelegare har fått klargjort vårt entreprenørskapsarbeid og satt det i system. Øvingane startar med ei hending der barna er aktivt deltakande. Den påfølgjande refleksjonen er med på å utvide erfaringane, for deretter å nytte ny kunnskap og erfaring som er erverva.

Teina hønseri er ei lita bedrift som stadig har vore i endring. Vi har gjennom vårt arbeid vist at

endring har medført auka entusiasme både i lokalmiljøet, og i foreldre- og personalgruppa. Barnegruppa har gjennom undring og filosofering også tatt del i hønseriet si utvikling. Sjølv om hønseriet har eksistert i fleire år, er entreprenørskapsarbeidet av nyare dato. .

I Teina barnehage opplever vi entreprenørskap som eit pedagogisk arbeid. Alle mål er henta frå Rammeplan for barnehagar og planen gjev den einskilde barnehage stor fridom til korleis ein kan nå måla sine. Gjennom entreprenørskap og utarbeiding av eigne REALøvingar har Teina vist at dette pedagogiske arbeidet absolutt kan forsvarast som ein læringsbasert metode som kan nyttast også i ein barnehage.

Rammeplan for barnehagar gjev barnehagar stor fridom til sjølve å utarbeide prosessar og arbeidsmetodar som skal fremje barna si utvikling og læring. Vi er svært nøgde med entreprenørskap og opplever det som eit pedagogisk arbeid. Den lokale forankringa som entreprenørskapsarbeidet vårt har, føler vi er kjærkome og tatt godt imot i lokalmiljøet.

Litteraturliste:

- | | |
|--------------------------------|--|
| Aanderaa B, Halvorsen M | Barnehage i en forandret verden, Kommuneforlaget, 2001. |
| Barne-og familiedepartementet: | Rammeplan for barnehager 2006. |
| Bergem, Trygve (red.): | Slipp elevene løs, Gyldendal Norsk Samlag AS, 20001,
Artikkel med søkelys på lærerrollen. |
| Brunsvik, Sissel: | Forelesing. |
| Fylkesmannen i Sogn og Fj. | Fylkesplanen 2005-2008.
Vegen vidare for Sogn og Fjordane. |
| Gyldendal | Norsk ordbok 2004. |
| Kommunal- og regionaldep: | Se mulighetene og gjør noe med dem.
Strategi for entreprenørskap 2004-2008. |
| Jacobsen, DI og Thorsvik, J,: | Hvordan organisasjonene fungerer, Fagbokforlaget 1997. |
| Kunnskapsdepartementet | Lov om barnehager 2006. |
| Kunnskapsdepartementet, | |
| Lillemyr og Søbstad: | Didaktisk tenning i barnehagen. Tano 1993. |
| Nærings-og handelsdep., | Se mulighetene og gjør noe med dem!
Strategiplan for entreprenørskap i utdanningen 2004-2008. |

Offerdal, Ivar:
REAL NORGE

Forelesing.
Pedagogisk materiale i entreprenørskap for småskulesteget i
grunnskulen.

Ødegård, Inger Karin Røe:

Pedagogisk entreprenørskap, Høyskoleforlaget, 2000.

Ødegård, Inger Karin Røe:

Læreprosesser i pedagogisk entreprenørskap,
Høyskoleforlaget, 2003.

